



Ståle Eik hadde ansvaret for slåttén

**For tredje gong gjennomfører arrangørane av Festidalen ein slåttedugnad for å pynta opp arenaen på Dønhaug. Graset frå området som idrettslaget eig langs Geilo vert slått og frakta opp til festivalarenaen og arbeidet går med liv og lyst. Faktisk var 25 i aktivitet frå starten klokka 12. Rivene går like kvikt som dei gjorde i gamle dagar då det var slått!**



Myldrande innsats ved grusbana i dag

Både unge og eldre er møtt fram.  
To nøkkelpersonar av den eldre kategori er  
Ståle Eik som tek seg av slåtten medan  
Pål Haugland har ansvaret for transporten opp til  
arenaen.  
Der ventar hesjetråd og staurar. Og til slutt vil alle få is.....





Besteforeldregenerasjonen var representert ved 74-åringen Sella Hjørnevåg då det skulle hesjast på Dønhaug. Ho hadde erfaring frå før  
Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen





Opplastinga gjekk som ein lek leia av Pål Haugland